



Torleif Johannessen
Vardane 17
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1316 - 18/18213

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2018

Førebels svar i høve endringssøknad med trong for tilleggskjøknad - gbnr 134/235 Hilland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar endringssøknad, jf. e-post av 05.06.2018.

I dykkar endringssøknad skriv du at klage av 31.05.2018 var meint som ein endringssøknad. Ved motteken endringssøknad, stadfestar vi at dykkar klage av 31.05.2018 utgår. Klagen vert handsama som ein endringssøknad.

I «Løyve til oppføring av tilbygg og garasje samt riving av eksisterande garasje», datert 23.05.2018, vart det satt som vilkår for ferdigattest: «Dokumentasjon med foto på at eksisterande garasje er riven». Du skriv i endringssøknaden at det var kryssa av feil i innsendt søknadsskjema 5175. I søknadsskjema vert det opplyst at du søker om riving:

Grad av utnytting	h. Areal som skal rives			
		-	m ²	- 51 m ² - 49 m ²

Du skriv i endringssøknaden at du ikkje skal rive eksisterande garasje. De opplyst at «Ingen teikningar/kart nabovarsel, oppgåve over areal eller anna viser at eksisterande garasje skal rivast»

Administrasjonen viser til sak 17/2708 – gbnr 134/235 - førehandskonferanse. I dykkar utgreiing til førehandskonferanse, datert 30.08.2017, viser de til at eksisterande garasjeskal rivast då denne er i dårleg stand, sjå første side første avsnitt:

Utgreiing til førehandskonferanse - garasje gbnr 134/235

På eigei dommen står ein garasje som er byggemeld/godkjent tidlegare, denne er over 50m². Tilstanden er dårleg så tiltakshavar ønskjer å rive denne og bygge ny.


I dykkar søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekrav for oppføring av garasje opplys de at eksisterande garasje skal rivast då den er lite tenleg, sjå side 1 første avsnitt tredje ledd:

Eksisterande garasje er lite teneleg, ikkje serleg vakker pga dårleg oppføring og vedlikehald. Dette gjer at ein ønskjer å rive denne for å setje opp ein meir teneleg og funksjonell garasje.



Situasjonsplanen datert 06.12.2017, for dispensasjonssøknaden, viser eksisterende garasje som skal rivast og plassering av ny garasje på omtrent same stad:

Utsnitt situasjonsplan , datert 06.12.2017



I gjenpart for nabovarsel for dispensasjonssøknad er det opplyst at garasje skal rivast:

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder


1) Riving av eksisterende garasje.

I dykkar dispensasjonssøknad opplyst de også at personbelastning og trafikkmengde ikkje vert endra med oppføring av tilbygg og garasje, sjå side 2 avsnitt midt på sida.

I sak 18/10 vart det gjeve dispensasjon frå rekkjefølgjekrav for oppføring av garasje, datert 28.02.2018.

Dispensasjonen byggjer på innsendt søknad og forutsetter at eksisterende garasje skal rivast for å byggje ein meir funksjonell garasje, jf. vurderinga på side 3 sjette avsnitt . Det vart vist til at eksisterende garasje ligger i direkte konflikt med nabogrense og at ein ser positivt på å få auka avstand til nabotomt.

I «Løyve til oppføring av tilbygg og garasje samt riving av eksisterende garasje», datert 23.05.2018, vart gjeven med ny plassering av ny garasje som vist i situasjonsplan, datert 19.03.2018:



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. De må sende inn skjema for endringssøknad , sjå link til skjema 5168.
<https://dibk.no/globalassets/blanketter/utfyllbare/alle-blanketter/5168-soknad-om-endring-av-tillatelse.pdf>
2. Du må gjera greie kvifor forutsetningane for riving av eksisterande garasje har endra seg frå førehandskonferanse og dispensasjonssøknad som gjer at de no ønskjer å behalde den eksisterande garasjen.
3. Du må gjera greie for bruken og behovet for 2 garasjar på eigedommen. .
4. . Endringssøknad må nabovarslast, der det vert opplyst at det skal byggjast ny garasje samtidig som eksisterande garasje vert ståande og den nye grunngevinga vert lagt med. Merk at naboar har 14-dager til å kome med merknadar før tilleggsdokumentasjon sendast inn.

Eksisterande garasje er lovleg oppført. Spørsmålet er no om dispensasjon og løyve til ny garasje står ved lag då innvilga dispensasjon frå rekkjefølgjekrav baserer seg p å ein føresetnad om riving av eksisterande garasje. Med innkomen tilleggskdokumentasjon, må vi vurdere om dispensasjon frå rekkjefølgjekrava for oppføring av ny garasje står ved lag eller om vi må fatte eit nytt dispensasjonsvedtak/løyve til ny garasje.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 28.06.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torleif Johannessen

Vardane 17

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Mottakarar:

Torleif Johannessen

Vardane 17

5911

ALVERSUND